



Knut Magne Bjørnstad  
Postboks 26  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2469 - 18/24719

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
22.11.2018

## Godkjenning av tilskot til grøfting 2018 på GBNR 16/4 i Meland

**Administrativt vedtak. Saknr: 315/2018**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 17.10.18 søkjer statleg tilskot til drenering av jordbruksjord på GBNR 16/4. Det er tale om 367 meter usystematisk grøfting. Det vart i 2016 løyvd grøftemidlar til ein anna del av jordbruksarealet på denne teigen.

Søknaden har vore på høyring til Hordaland fylkeskommunen og dei har 12.11.18 gitt følgjande uttale:

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Området som skal grøftas/drenerast ligg mellom Meland gamle kyrkjestad med mellomalderkyrkjegard, Askeladden-id. 156372 og listeførte Meland kyrkje, Askeladden-id. 84933). Det aktuelle arealet har difor potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til tiltaket, men me ber tiltakshavar om å ta kontakt med arkeolog Sigrun Wølstad ved Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune når gravearbeidet er i gong, og før grøftene er fylt igjen. Me vil då vurdere om det er naudsynt med ei synfaring på staden for å sjekke grøftene for eventuelle funn. Sigrun Wølstad er tilgjengeleg på telefon 96944535 og på e-post [Sigrun.Wolstad@hfk.no](mailto:Sigrun.Wolstad@hfk.no).

Saka er handsama etter delegert mynde frå kommunestyret. Kommunen avgjer søknaden, men fylkesmannen står for utbetaling av tilskotet.

### Vurdering

Søkjar opplyser at jordbruksarealet er vanskeleg å nytta fordi tette grøfter gjer at ein ikkje kjem ut på arealet med traktor. Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet og betre utnytting av gjødsel, samt mindre avrenning av nærings salt og redusert utslepp av klimagassar. Tiltaket har positiv effekt på kulturlandskapet, då arealet som har vore vassjukt og delvis ute av drift no vert stelt til og tatt i bruk som jordbruksareal.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### *Berekening av tilskot*

Det er søkt om 367 meter usystematisk grøfting a kr 30 pr. Im sum tilskot kr 11 010,-

### *Kulturminne*

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen og dei har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Området som skal drenerast ligg mellom Meland gamle kyrkjestad med mellomalderkyrkjegard (Askeladden-id. 156372) og listeført Meland kyrkje (Askeladden-id. 84933). Det aktuelle arealet har difor potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Søkjar må ta kontakt med fylkeskonservator når gravearbeidet er i gang og før grøftene vert lagt att.

### *Naturmangfaldlova*

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med dreneringa. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdere konsekvensar dreneringa med tanke på naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader. Generelt gjeldt det at alle inngrep som blir gjort i samband med dreneringa, skal utførast mest mogleg varsamt og med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Konklusjon**

Tiltaket vil gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje kjent at tiltaket kjem i konflikt med viktige kultur- og naturverdiar. Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord og løyver kr 11 010 i tilskot til tiltaket.

### **Vedtak**

Meland kommune løyver inntil kr. 11 010 i tilskot til inntil 367 meter grøfting til Knut Magne Bjørnstad på gnr. 16, bnr. 4 i tråd med søknad synt på kart motteke 17.10.18.

Arbeidsfrist er sett til 01.12..2021

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord § 5 jf §3. Forskrift om produksjonstilskot §4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Generelle vilkår for løyvinga:

Søkjar må ta kontakt med arkeolog Sigrun Wølstad v/Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune når gravearbeidet er i gong og før grøftene er fylt igjen for avklaring om det er trong for nærare undersøkjingar.

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regionalt kulturminneforvaltning kontaktast.

Arbeidet skal godkjennast av kommunen, og minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis. Kommunen skal godkjenna arbeide, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Knut Magne Bjørnstad

Postboks 26

5906

FREKHAUG